

Julen
2004



Åpen Bibel

JULEBREV FRA ÅPEN BIBEL

Nytt fra Åpen Bibel



Juleglede!

Det er i sannhet et stor glede å få være med i misjonens sak og hjelpe mennesker som har ulike behov. Stjernebildene av bibelskoleelevene i Davao som stråler viser glade ansikter. De nye sovesalene er ferdige, og det trengtes! De har også fått seg nytt kjøkken, så nå ligger de ytre forholdene virkelig tilrette for at det skal gå bra.


Vi får også rapporter fra pastor Boy i Surigao som skriver om at stammefolket Mamanwa blir hjulpet både åndelig og praktisk. De har begynt å plante abaca eller hamp som skal bli til tau. De får også hjelp med små kjøkkenhager som gir verdifullt supplement til risen. "Olivas Stammelandsby" vokser fram som en oase for dette folket.

Samtidig får vi gode nyheter fra hjemmefronten. Christopher på Askøy har igjen hatt basar og fått inn ca 4000 kroner. Askøy Misjonsmenighet fulgte i hælene og hadde fin basar med filipinsk sang og over 20 000,- til dagsenteret i Tacloban. Kanskje dette er noe flere menigheter og enkeltpersoner kan gjøre?

Det trenges mer midler. Både til arbeidet i Filippinene nå med 25 menigheter, bibelskole, underhold av pastorer og evangelister, dagsenter for gatebarn og så videre. Arbeidet i Canada trenger også midler for å nå Cree-folket med de gode nyhetene. **Dersom du har anledning å støtte arbeidet denne julen er vi veldig takknemlige!**

Julehelsing frå Canada! Det er stort å få nåde hjå Gud til å bringa **Budskapet om Jesus** ut til dei mange som i dag ikkje tilber denne Kongen, men er teken opp med dei mange **ytre ting av Jula**. **Her, mellom dette folket**, vert det oftast andre ting som kjem i høgsetet, og som får makt over dyrebare menneske liv. Jula kan verte ei vond tid mellom Indianarane våre. Når dei bøyer seg over tilbedelsrøyken, laga av ein grasdott, eller dansar i takt med trommer tillaga av medisinmannen: eller når dei søker å finna glede i det som Kong Alkohol lokkar med. Ja, då vert det lite at av Jula.

Men me finn og heimar der Jesu Namnet lyser, og julesangen lyder til Hans pris: **Halleluja!** Ein slik heim er Esther og Arthur sin heim. Arthur er ein gamal høvding som har funne fram til Jesus. Esther er ei bønne kjempa som har lært å be for folket sitt. Der er nokre få her av den sorten, og me kjenner deira bønnekraft! Alt er reint og fint i denne heimen: Bibelen er på hedersplass. Sangen om Jesus lyder frå kjøkkenkråa. **Her i huset er Jesus høgt æra!**



I andre heimar lyder også sangen om Jesus. **Det er barna som skal ha Julefest i Sondag skulen**. No øver dei seg: Det vert nok Julefest i år og. Det er Tammy som styrer med det: Trufaste Don og Tammy – og dera seks døttre. Dei har vore til stor glede for oss, og arbeidet har gått nokså bra.

I seinare tid har det vore mykje kamp – og mykje vonde ting som har prøvd å hindra i arbeidet her. Men Herren har ført oss i gjennom. Det har vorte ein del forandringar i sommar, men om enn me er få som no hjelper til, så vil Herren gje kraft og visdom. **Me har store behov for arbeidarar**. Dei synest svært vanskeleg å finna. Ida og eg er begge slitne, og ville så gjerne fenge avløyning – kanskje må det verte slik likevel, at me må legge ned vår del før andre vil koma til hjelp i arbeidet.

Lengselen vår er å få sjå menn og kvinner frå deira egne som reiser seg og finn sin plass. Me er framleies *Outsiders* og *White-faces*: -Til og med etter to og eit halvt år mellom denne stammen!

Det er altfor mange bitre minner til å gløyma hjå dei, minner frå dei mange vonde ting bragt over dei fram gjennom åra. Når me les historia deira så ser me klårt at store skadar har vore påført dette folket. Dei eldre gløymer nok med tid: *Tid lækjer sår, seier dei*. Men dei yngre – 16 til 50 år – bærer på mykje bitterheit og hat. Mishandling og seksual overgrep på kvinnene skapar mistru i mange år – det er vanskeleg å tilgje og å gløyma: Dette forhold er oftast forårsaka av dei kvite, og me som er kvite arbeidarar er ofte dei næraste å få høyra eller få kjenna smerten av det vonde. **Det er berre Jesus og Hans Mektige Ånd som kan lekja denne skaden.**

I jula kjem dei fleste av vår familie her til Wetaskiwin for å feire Jul med oss. Familien vår er vorte mange no. Dei vil koma og feire Ida sin 75 års dag (5/3-05) på forhand – og min dag på etterskot (mai 04)

Kanskje det er og tida for oss (Gamlingane) å leggja om. *Herren veit best*. Om så er, så ser me fram til andre oppgåver som krev mindre styrke. Takk at de er med i bøn for oss i denne tida også. **Herren velsigne dykk til det**. Så ynskjer me dykk alle ei **GOD JUL** og **Eit Godt Nytt År** saman med kvar sin familie. **Det nærmar seg Herrens komme!** *Med hjarteleg helsing og takk for trufast støtte i året som no endar: La oss vere trufast til Herren.* **Olav og Ida Ryland.**

Mobil for misjon! Dersom du har en brukt mobiltelefon som du ikke bruker mer, kan den komme til nytte i Filippinene. Det ville gjøre livet til flere av pastorene våre mye lettere å kunne sende en tekstmelding istedetfor å reise i flere timer for å gi en beskjed. Vi håper å sende noen av gårde i slutten av desember, og flere til sommeren. Mobiltelefonene må være i orden og ikke bundet til en operatør. Det må være mulig å sende tekstmeldinger med den. Det bør også være lader med. Sendes til: Åpen Bibel, samme adresse som på giroen!



Kontakt oss:

Åpen Bibel Filippinene
Unni og Rune Fagerdal
Boks 47
5326 Follese
Telefon 56 14 88 82
run-fag@c2i.net
Konto 3624.59.91228

Tore og Nichola
Vindenes
Askvegen 290
5307 Ask
Telefon 56 14 47 71
tore@vindenes.as

Olav & Ida Ryland
108-4810 North Mount
Dr.
Wetaskiwin. AB.
T9A 3R2. CANADA.
Telefon. 001-780- 352
5223.
ory@telus.net
Konto 3630.07.07461

Giroen er utfylt av praktiske grunner. Om du ikke ønsker å benytte den, er du selvfølgelig fri til å la det være. Åpen Bibel takker for alle gaver og for alle som er med og støtter arbeidet også i bønn!